



Gulen kyrkjelydsblad

Nr 1

Mars 2018

61. årgang



REDAKSJON: Anne R. Tveit, tlf. 48228353. Eivindvikvegen 1117, 5966 Eivindvik anne.ryssdal.tveit@eninvest.net

KORREKTUR: Marit Sandal, 5966 Eivindvik Tlf. 57784129 / 95997182

BANKGIROKONTO: 3817 15 51282
Kontingenten er fri.

TRYKKERI: Norengros, 3701 Skien

SOKNEPREST i GULEN, BREKKE OG MJØMNA SOKN: Jens Linde, 5966 Eivindvik. Tlf. 97509035
jens.linde@gulen.kyrkja.no

KYRKJEVERJE: Trude Brosvik, 5966 Eivindvik, Tlf. 57782090/91314389
post@gulen.kyrkja.no Kontor:Ikkje onsd.

KONTORPERSONALE:
Margrethe Skåden, Tlf. 57782093
Kontortid torsdag kl.12.40-16.00 og fredag kl.08.00-12.00.

ORGANIST: Peter Tiborc Jobbagy, 5966 Eivindvik. Tlf. kontor 57782092.

SOKNERÅD/FELLESRÅD:
Gulen sokn: Iddi Glenjen. Tlf. 90711923.
eglenjen@online.no

Brekke sokn: Cathrine Waage Tveit. Tlf. 91759076. cawaatveit@hotmail.com

Mjømna sokn: Bente Haugen. Tlf. 99264861. bente.haugen@eninvest.net,

Fellesråd: Målfrid Undertun. Tlf. 41610983. malfrid.undertun@eninvest.net

KYRKJA SI HEIMESIDE:
www.gulen.kyrkja.no

FACEBOOK: Er du på Facebook, kan du gå inn på gruppa «Kyrkja i Gulen» og «like» sida vår. Her legg vi ut informasjon fortløpande om ting som skjer i sokna, for eksempel om endringar som er komne til etter at siste blad gjekk i trykken. Kyrkje-kontoret er redaktør for både heimesida og facebooksidea.

Redaksjonen

I dette nummeret av kyrkjelydsbladet finn du m.a. årsmeldinga frå Gulen kyrkjelege fellesråd. Årsmeldingane frå dei tre sokna ligg på kyrkja si nettside, www.gulen.kyrkja.no.

Neste nummer av bladet kjem i mai. Innleveringsfrist: 1. mai.

Vi ønsker lesarane våre ei god påske!

*Takk for all din fødsels glede,
takk for alt ditt guddomsord,
takk for dåpens hellig væte,
takk for nåden på ditt bord!
Takk for dødens bitre ve,
takk for din oppstandelse,
takk for himlen du har inne,
der skal jeg deg se og finne.*



Valets kvaler!

Vi skal igjen feire påske, at Jesus var villig til å lide, døy og stå opp for vår skuld! Påska var for Jesus den hardaste kampen eit menneske nokon gong har utkjempa.

Jesus stod i eit konkret og vanskeleg val: Skulle han ta imot djevelens tilbod om å vinne rikdom, makt og ære i denne verd?

Skulle han velje det behagelege og smertefrie i staden for liding og død; menneskes gunst i staden for spott og pisking, æra i staden for skamma? Freistinga til å forlate Guds vilje og veg var sær konkret for Jesus. Men han visste også at han ville tape både sjela si og Guds rike ved å forlate Guds plan.

Han visste at han ville miste heile menneskeslekta!

Bibelen fortel at kampen Jesus kjempa med djevelen i Getsemane, var så hard at sveitten hans vart til bloddropar.

Men for di skuld valde Jesus krossen! I Hebrear brevet kap. 12 vers 2 står det:

«For å få den glede som venta, heldt han ut på krossen utan å bry seg om skamma».

Jesus visste at ved å velje krossen, Guds plan og veg, ville han oppnå ei glede og ei framtid som overgår alt det denne verda har å by på!

Jesus valde lydnadens og smertens veg.

Slik vann han Langfredag fullkomen siger over synda, døden og djevelen, og kunne rope det ut frå krossen:

«Det er fullbrakt!»

Påskemorgon reiste Gud han opp frå grava og proklamerte:

Sigeren er vunnen!

Himmelen har blitt opna for alle som tek imot Jesus og hans fullbrakte verk!

Fastetida og påskeveka utfordrar kvar einiskild til å velje: Guds veg eller min eigen veg?

Herren kallar deg til gudsteneste i påska for å vere med å feire det største under som har skjedd i vår verd, at Jesus gav sitt liv og vann evig siger. Påska kallar på vår tilbeding og overgjeving til Herren!

Kva vel du denne påska: Appelsinen og kakaoen, eller nattverdrødet og nattverdvinen?

Jens Linde



Informasjonsmøte for nye konfirmantar

Alle som dette året fyller 14 år og nett no går i 8. klasse, blir inviterte til:

Informasjonsmøte for konfirmantåret 2018 -2019, på Dalsøyra samfunnshus tysdag 29. mai kl. 19.00.

Møtet er for alle 14-åringar saman med foreldre/føresette.

Ein treng ikkje å ha bestemt seg for om ein vil delta på kyrkja sin konfirmasjon for å vere med på dette møtet. Ein vil på møtet få informasjon, påmeldingsskjema og datoplan for konfirmantåret.

Jens Linde
konfirmantprest



Årsmelding for Gulen kyrkjelege fellestråd 2017: «Nær Gud, nær menneske»

Kyrkjevevja si innleiing:

Vi seier ofte at «Kyrkja i Gulen er ei typisk folkekyrkje». I det ligg det mykje positivt! Det betyr at svært mange har eit forhold til kyrkja, noko vi kan sjå på store høgtidsdagar og konfirmasjon, der over 90 % av ungdomane deltek. Kyrkja i bygda har stor symbolverdi som gudshus og for den kristne kulturen som vi bygger på. Dette ser vi m.a. gjennom engasjementet for at kyrkja skal sjå fin ut og viljen til å ha fasadelys på ho i mørketida.

Når det gjeld gravplassane, så vert dei nytta av alle. Det er fordi kyrkja har

gravplassansvaret i Norge, på vegne av staten. Det vil seie at vi må yte desse tenestene i respekt for mangfaldet innan trus- og livssynsretningar. I Gulen vel dei aller fleste å ha gravferd frå kyrkja.

Statistikkane til Kyrkjerådet etterspør ikkje talet på deltakarar i gravferder, men for våre sokn er det langt høgare enn den jamne gudstenesta eller ei viglsle. For å ta Mjømna som døme: Snittframmøtet i gravferder i 2017 var 141,8, mot 62 på gudstenester (som var sterk auke frå 2016). Somme tider lurar eg på om gravferder er utelatne frå statistikkane fordi det er eit område som distrikta scorar svært høgt på...

Men det er i alle fall eit høve der Guds ord blir forkynt, og folk er minst like opne for å ta i mot som elles.

Står så alt bra til i kyrkja i Gulen?

Nei, det gjer ikkje det. Vi ser trendar der færre døyper borna sine.

Og konfirmantane? Etter eit år med undervisning og konfirmasjon, så er det svært få som blir med vidare.

Det er lett å peike på at søndag kl.

11.00 og «kjedelege» gudstenester er ein grunn. Men det er også ein kultur. Sjølv ungdomar som har teke eit aktivt standpunkt om å vere kristen, skyggar unna kyrkja. Dette er den største utfordringa sokneråda har; korleis vere relevant og ønska i dei unge sitt liv?

Trusopplæringa til kyrkja er eit årleg tilbod til kvart årstrinn. Sidan skulen berre skal gje kunnskap og ikkje for-

midle tru, så kan dette vere veldig lite. Heldigvis har vi både i Brekke og på Byrknes frivillige som gjer ein stor innsats for born og unge gjennom «Sprell levande», barneforeining, Yngres og Tysdagsklubb.

Desse tilboda er ganske populære. Gulen sokn ligg etter, for der er ikkje noko fast tilbod, korkje i Eivindvik eller på Dalsøyra.

Soknerådet vil gjerne støtte opp om slikt arbeid, så viss nokon frivillige vil starte, så vil dei hjelpe.

Men deltakinga på trusopplærings-tiltak som «Lys Vaken» og «Tårn-agent-helg» er ganske bra.

Generelt kan vi seie at tiltaka i dei enkelte sokna er betre enn der vi prøver på fellestiltak på tvers av soknegrensene.

Heldigvis er det mange som trufast støttar opp om kyrkja.

Snittalderen er ganske høg, men slik har det kanskje alltid vore.

Det vanskelege spørsmålet kan vere om vi med å endre på gudstenesta for å bli meir tilpassa unge, gjer ho framand for dei som går til vanleg.

Denne debatten var aktuell då nye liturgiar vart innførte, og kjem stadig opp i salmeval og andre uttrykksformer.

Kyrkjeleg fellesråd har først og fremst ansvaret for drift av kyrkjer og kyrkjegardar, og for dei tilsette.

Men rådet har også planmynde for kyrkja, og deler målet som sokneråda har, med «*Nær Gud, nær menneske*». Derfor er arbeidet med å legge til rette

for ei levande kyrkje som folk har lyst til å vere med i og støtte opp om, viktig.

Og slik vert arbeidet med parkeringsplass, gravplassdrift, nymala kyrkjer og inneklima ein del av det store arbeidet med å forkynne Guds nåde og å vise nestekjærleik.

Kyrkjeverja og fellesrådet takkar alle frivillige, folkevalde og tilsette for arbeidet dei gjer.

Vi takkar også Gulen kommune for godt samarbeid; vi tener same folket og gjer det best saman.

Eivindvik, 06.03.18

Trude Brosvik
kyrkjeverje



Råd og utval

Gulen kyrkjelege fellesråd (GKF) har to medlemmer frå kvart sokneråd, éin frå formannskapet og éin prest.

Gulen sokn: Målfrid Undertun, leiar, Iddi Glenjen. Vara: Jan Leknes, Signe Baarøy

Brekke sokn: Sissel A. Kvame, nestleiar, Magnus Oppedal. Vara: Turid Strømsnes, Kristin Kjelby.

Mjømna sokn: Kjell Kversøy, Inger Alise Einebærholm. Vara: Anne E. Ytreøy, Kristin Mjanger.

Prest: Jens Linde. Vara: Bjørn Magne Hansen

Gulen kommune: Odd Harald Eide (varaordfører). Vara: Bjarte Undertun.

GKF har hatt 4 møte og handsama 22 saker. Ansvarsområdet til fellesrådet går fram av kyrkjelova §14, og omhandlar m.a. drift av bygningar og gravplassar og å ha personal- og planansvar. I tillegg har fellesrådet gitt høyringssvar på «Reglar for val av sokneråd, bispedømeråd og Kyrkjeråd», og for «Ny lov om trus- og livssynssamfunn».

Partssamansett utval, Administrasjonsutvalet, har hatt eitt møte. Utvalet er sett saman av fellesrådet sine medlemmer og Margrethe Skåden og Peter T. Jobbagy frå arbeidstakarane. Margrethe Skåden gjekk av som leiar, og Målfrid Undertun vart valt til ny leiar. Rådet har behandla 5 saker.



Tilsette

Felles mål for personalpolitikken vår (jf. plan) er:

Det skal vere kjekt å arbeide i kyrkja. Tilsette skal få fagleg utvikling. Alle tilsette er viktige for at kyrkja skal nå måla sine og vere ei vedkjennande, misjonerande og diakonal folkekyrkje.

Grete Lid slutta som klokkar i Mjømna ved årsskiftet. Ut over det har det ikkje vore utskiftingar av tilsette i 2017.

Dei tilsette er:

Peter T. Jobbagy, organist, 60 %
Peter T. Jobbagy, kyrkjelydspedagog, 40 %

Trude Brosvik, kyrkjeverje, 80 %
Margrethe Skåden, kontorfullmektig, 20 %

Astrid Øie Tveit, kyrkjetenar, 17 %
Randi Trædal, kyrkjetenar, 14 %
Kristin Mjanger, kyrkjetenar, 14 %*
Aage Olav Sandal, klokkar, 5 %

* I GFK sak 4/17 vart stillinga utvida frå 9 til 14 %, grunna fastsetting av ny gudstenestefordeling.

Klokkartenestene i Brekke og Mjømna blir løyste av frivillige, og sokneråda får utbetalt godtgjersle på kr.15.000,00 kvar.

Fellesrådet har selt tenester frå kyrkjelydspedagogstillinga til musikkskulen (avslutta), og vi sel også tenester til Høyanger kyrkjelege fellesråd.

Inntektene blir brukte til å leige inn andre til trusopplæringsarbeid.

M.a. leiger vi inn Maren Dæe inntil 10 % til konfirmantarbeid. Når det gjeld sal av tenester til Høyanger kyrkjelege fellesråd, så skal vi i 2018

inngå ein meir forplikande avtale, der det vert fastsett stillingsstorleik. Salet vil skje frå trusopplæringa, og inntektene gå til innleige på same område.

Organiststillinga på 60 % kan ikkje reduserast.

Det har vore éi sjukmelding utover arbeidsgjevarperioden.

Totalt sjukefråvær i tenesta var 4,6 %.

Av dei samla 2,5 årsverka er det to menn (105 %) og 5 kvinner (145 %). I tillegg kjem prest i 100 % stilling, som ikkje har GKF som arbeidsgjevar.

Fellesrådet innførte varslingsreglement i 2017.

Det er ikkje motteke noko form for varsel.

Kontorfullmektig har gjennomført HMS-kurs.

Kyrkjeverja har delteke på Prostdagar, samling for kyrkjeverjene i Bjørgvin, og samarbeidsmøte for kyrkjeverjene i Nordhordland, samt høyringsmøte på ny lov om trus- og livssynssamfunn, arr. KA.

Organist, prest, kontorfullmektig og kyrkjeverje har hatt stabsmøte ca. ein gong i månaden for å avklare samarbeid, arbeidsplanar, og ta opp ulike spørsmål. Det har i 2017 ikkje vore felles samling/medarbeidardag der alle tilsette har vore med.

Oppfylging av planar

Planen for kyrkja i Gulen har som visjon: «Nær Gud, nær menneske».

I dette ligg eit ønske og ei forpliking til å arbeide slik at folk kjenner seg velkomne i kyrkja og til dei aktivitetane vi har, og at måten vi opptrer på og måten kyrkjer og kyrkjegardar blir haldne på, vert opplevd verdig og imøtekomande.

Planen gjeld både for tilsette, frivillige og folkevalde.

Det har ikkje vore gjort revideringar i planen for kyrkja i Gulen sidan han vart vedteken i 2015, og planen gjeld til 2019.



Barne- og ungdomsarbeid:

Fellesrådet har kyrkjelydspedagog som saman med sokneråda organiserer tiltak i samsvar med planen.

Vi leiger også inn kompetanse. Alle skulane hadde gudsteneste før jul.

Den nye arbeidsdelinga mellom prestane (frå august) gjer at presten i Masfjorden er med på fleire av trusopplæringsgudstenestene knytt til Tårnagentar og Lys Vaken.

Fellestiltak på trusopplæring:

Konfirmasjonsundervisninga er det største fellestiltaket vi har i kyrkja innanfor trusopplæring.

I 2017 vart 31 (av 33 = 94 %) ungdomar konfirmerte. Undervisninga var på enkelte laurdagar og noko på ettermiddag/kveld. I tillegg kom konfirmanthelga på Alværa og gudstenestene (8 obligatoriske). Det er presten som har undervisninga, saman med Maren Dåe, som blir løna av fellesrådet. Konfirmantåret begynner i juni med informasjonsmøte med aktuelle ungdomar og foreldre. Så er det påmelding i august, og oppstart på undervisninga i september. Samla er konfirmantplanen på 60 timar, inklusive tenesteoppdrag og diakoni.

Konfirmasjonane er om våren. Fellesrådet krev ei eigenbetaling på kr.1200,00 pr. konfirmant, som går til å dekke utlegg, m.a. leir.

Mjømna sokneråd arrangerte konsert med Team Sulebakk, der alle gamle og nye konfirmantar var inviterte. Fellesrådet tok kostnaden med konserten.

«Barnas Misjonsdag» er eit felles arrangement, saman med Det norske Misjonsselskap (NMS), som står i trusopplæringsplanen og som går på omgang mellom sokna. I år var han på Dalsøyra bedehus.

Det har ikkje vore arrangert «Mini-konfirmantar» i 2017.

Felles pinsegudsteneste vart halden på Gulatinget. I tilknytning vart det arrangert natursti som eit alternativ til «bursdagsfeiring» og «pilegrimsvandring».



Erferinga er at det er vanskeleg å samle folk til fellestiltak, i alle fall utanfor det soknet arrangementet er i.

Soknerådet/fellesrådet vil gje tilbod om leiarkurs til ungdom, og gjerne betale for dei som vil vere med. Så langt har vi ikkje lukkast, truleg fordi vi ikkje er konkrete nok både til å utfordre den enkelte og i å gje god nok informasjon. (Vi har prøvd å kople oss på kurset som NMS har på Alværa første helga i januar.)

Diakoni og samfunnsengasjement:
GKF samordnar tiltak som er felles for sokna. Det har vore færre andaktar på sjukeheim/bu- og omsorgssentra. I den nye arbeidsordninga for prestane (frå august) er dette ansvaret lagt til presten i Solund. Det bør lagast ein plan for tiltaket.

Gudstenesteliv og kyrkjemusikk:
Det er vedteke liturgi og trykt opp hefte som ligg fast i kyrkjene. Eigne program for kvar gudsteneste blir derfor berre laga i spesielle situasjonar.

Evangelisering og misjon: «Barnas Misjonsdag» var på Dalsøyra. GKF er

bindeledd mellom sokna og misjonsavtalen, samt med organisering av offer. Det siste har vorte meir utfordrande, då banken har slutta med kontanthandtering. Offeret må leverast til NOKAS, anten i Brekke eller i Sløvåg. Det kostar kr. 40,00 for kvar levering, og til no har GKF/sokna teke rekninga med gebyret. Det er utarbeidd retningslinjer for handtering av offer.

Alle tre sokna har innført Vipps.

Informasjon:

På enkelte område har vi endå mykje å strekke oss etter, som t.d. å ha ei god og velfungerande nettside. Det vil seie, sida vår er «god», men det har ikkje vore prioritert å legge ut mange oppdateringar, anna enn på oversikt over kva som skjer (gudstenesteliste). Sida har informasjon om tenestene kyrkja tilbyr.

Det er lågare terskel for å bruke facebooksida, og der blir det stort sett lagt ut informasjon og invitasjon til alt som skjer i kyrkja.

Gudstenestelista blir også sendt til «Strilen» og «Nordhordland».

Kyrkjelydsbladet er ein svært omtykt informasjonskanal. I 2017 var det fem nummer. Anne R. Tveit gjer svært mykje av arbeidet med bladet på dugnad. Kyrkjevevja står som redaktør.

Kyrkjer

I 2017 vart det ikkje gjennomført eigen vedlikehaldsrunde på kyrkjene, så vi arbeidde ut frå referatet frå 2016, som diverre inneheldt nok av tiltak som ikkje var utbetra. Grunnen er

både økonomi og folk til å gjere jobben. Det er vanskeleg å avklare kor mykje av vedlikehaldsarbeidet som er forventa dekkja innanfor tenestekjøpsavtalen med kommunen. Det er også vanskeleg å kome inn på arbeidslistene både hos kommunen og private som vi tingar arbeid hos. Når ein så skal planlegge og bestille i samsvar med tronge budsjett, kan ein fort ende opp med at arbeid blir tinga men ikkje utført, og dermed står det att pengar på vedlikehaldsbudsjettet.



Kyrkjevevja har i inneverande år prøvd å ta meir risiko på å tinge arbeid ut over det som står på budsjettet. Sidan vi har litt midlar på fond, har det kunna forsvarast.

Det har vore årleg møte med kommunen (fellesrådsleiar/kyrkjevevje – ordførar/rådmann) om samarbeid og utfordringar. Budsjettinnspel frå GKF har vore lagt fram for kommunen i deira budsjettprosess, noko som m.a. førte til at kommunestyret auka investeringsløyvinga for 2019 med kr. 150.000,00 til parkeringsplass på Mjømna. Utover det følgjer utviklinga i kyrkja sin økonomi den løns- og

prisveksten kommunen gir sine egne tenester.

Kyrkjeverja har hatt tilsyn (Lyd og Tele AS) på alle kyrkjene når det gjeld teleslynge og høgtalaranlegg. For Brekke resulterte det i ny forsterkar, som også opnar for å spele av musikk på anlegget, og ny forsterkar for teleslynge.

For Gulen kyrkje vart det sett inn ny forsterkar for teleslynge, og kjøpt ei eining som gjer det mogleg å spele av musikk på anlegget.

I Mjømna kyrkje var teleslynnga i orden (vart ordna etter eit lynnedslag for få år sidan).



Rundt årsskiftet 2016-2017 vart fasadelysa på Mjømna sette opp. Det blei markert på ei gudsteneste i januar. GKF gav eit tilskot på kr.10.000,00. Saniteten i Ytre Gulen løyvde kr. 15.000,00, og resten vart løyvd frå soknerådet. Arbeidet vart gjort på dugnad.

Det vart tinga nye fasadelys, LED, i Brekke. Pensjonistlaget og Bygdekvinnelaget har løyvd kr.5.000,00 kvar, og GKF gav kr.10.000,00 i tilskot. Grunna lang ventetid på lysa, kjøpte ein likevel inn nye lyspærer til det gamle anlegget for å ha lys på kyrkja til advent/jul.

Også ved Gulen kyrkje har dei gamle lysa slokna, og det vart sett inn nye LED-lys i to av haldarane. Det er tinga ein til, og også her gjev GKF tilskot på kr.10.000,00, medan soknerådet dekker resten.

Brannvarslingsanlegga vart installerte i 2016. Tida med «utprøving» før dei vart kopla til 110-sentralen, har dratt ut. På Mjømna måtte ein reparere ein leidning mellom utelysa som førte til stadige feilmeldingar, og i Brekke har det vore ein lynskade på anlegget.

Alle feila er utbetra, og kyrkjene er no kopla mot 110-sentralen. GKF har fått reduksjon i forsikringa på godt kr.

11.000,00 som følgje av betre brannvern. Det dekker kostnaden med å vere kopla opp mot 110. I tillegg hadde forsikringsselskapet vårt, KNIF, ein kampanje med støtte til dei som fekk på plass nye brannvarslingsanlegg, noko som resulterte i at vi fekk kr.75.000,00 frå dei. Anlegga er lånefinansierte ved at kommunen står som låntakar i Kommunalbanken. Vi betaler avdrag til dei, og dei har fått rentekompensasjonen vi fekk frå Husbanken.



Den keltiske krossen utanfor kyrkja i Eivindvik vart reparert og sett opp att

utanfor kyrkjeporten. Det vart markert ved Gulatungseminaret i august, der Riksantikvaren var til stades. Det har ikkje kome krav til GKF for reparasjonen.



Taket på Brekke kyrkje (mot nord) har vorte gjort reint for mose.

GKF mottok «Handlingsplan for Energieffektiv og Miljøriktig drift for kyrkjene i Gulen» (arbeidet vart utført i 2017).

Dei ulike tiltaka må vegast opp mot kost/nytte, og det skal utarbeidast tiltaksplan. Truleg blir det rimelegast å fortsette med rask oppvarming i forkant av gudstenestene. Men då må ein ha nok kilowatt til å nå ønska temperatur. GKF har vurdert isolering av taket i Mjømna, men avgjerda er sett på vent.

Brekke sokneråd har hatt sak både i soknerådet og på soknemøte om kva dei skal gjere med benkane i kyrkja. I august arrangerte dei ein kyrkjelydstur til Hyllestad for å sjå og lære om den prosessen dei har hatt der. Kyrkjevevja har bede om at kyrkjekonsulenten kjem på besøk til kyrkja og ser på tilhøva saman med soknerådet.

Mjømna sokneråd fekk ei stor ano-

nym gåve på kr.80.000,00, som skal brukast til maling av kyrkja. Anbodskonkurranse er gjennomført, og kyrkja skal malast våren 2018, av Mjømen og Berge AS.

Brekke kyrkje og bårhuset i Eivindvik har fått installert ny strømmålar som melder direkte til E-verket. Gulen og Mjømna kyrkjer må vente, fordi dei hadde bruk for større målarar enn det installatørane hadde med seg.

Gulen sokneråd har kjøpt inn 20 stolar til kyrkja.

Alle sokneråda har bestemt innkjøp av nye konfirmantkapper.

Det er vedteke og tinga ein del arbeid som ikkje har blitt utført i 2017, og som derfor må gjerast i 2018:

Fjerning av benkar bak i Mjømna kyrkje for å gje betre plass til kyrkje-kaffi, og også for born i gudstenesta. Fasadelys er nemnt ovanfor. Ny kjøling til Gulen bårhus. Diverse mindre vedlikehaldsarbeid.

Kyrkjegardar

Det er eit mål at kyrkjene og kyrkjegardane skal innby til trivsel, ettertanke og ro.

I eit mangfaldig samfunn skal kyrkjegardane opplevast som ein verdig stad for alle.

Det største arbeidet er at nytt felt (F) vart gjort ferdig på Mjømna kyrkjegard. Det er delar av gamle felt C, midt på langsida av kyrkja.

Arbeidet har vore planlagt og byggeleia av Akasia AS, og Brekke Maskinstasjon har vore entreprenør.

Gravene på det nye feltet er gjort etter nye lovkrav (3m x 1,5 m), noko som gjer at det vert færre graver enn før.



I tillegg til masseutskifting og heving av felt F, vart det gjort tiltak for å fjerne overflatevatn på dei øvste radene på felt B. Tilbakemeldingar tyder på at det fungerer, men at problemet med overflatevatn har flytta seg til radene nedanfor.

Det vart også laga ny grusveg bort til bårhuset. Kostnaden på arbeidet vart løyst innanfor budsjettet.

Også på gravplassen i Eivindvik er det eit område som stadig har overflatevatn. Dette må løysast for båe stadane.

GKF har laga og fått godkjent nye vedtekter for gravplassane i Gulen. Dei gjeld frå 01.03.2017.

Hovudendringa er at vi har tilpassa oss nokre av forslaga i NOU 2014-2: «Lik og likskap», der dei tilrår at alle som vert gravlagde i den kommunen dei høyrer heime i, har rett på fri grav i fredingstida. Det vil seie at dersom nokon har reservert ei grav, så betaler ein berre for grava fram til ho vert teken i bruk. Så blir ho frigrav.

Dette gjer at to graver i same gravfestet kan ha ulik betaling.

Den andre store endringa var at fredingstida vart redusert frå 40 år til 30 år på alle felt unnateke A og C på Mjømna (som framleis har 40 år), og Rutle, som har 60 år. Omlegginga førte til ein del meirarbeid for å krevje inn festeavgifter.

Arbeidet vart gjennomført for alle gravstadane, og det kom inn langt meir enn budsjettert på festeavgift (kr.177.000,00 meir). Samtidig med avklaring av festa graver vart mange eldre graver fjerna, og gravsteinane tekne bort. Sidan mange ikkje hadde nære pårørande, var det ein kostnad som GKF tok.

I planen til kyrkja står det at vedtektene skulle forsøkast å samordne med resten av prostiet. Det har vore arbeid med det, men det var ikkje lett å få til på alle område. Mellom anna er det svært ulike satsar som vert kravde inn. Det avspeglar at nokre kommunar er bynære og kan legge seg tettare opp til høge kostnader, noko som ville blitt sett på som urimeleg i vår kommune. Vi har derfor teke utgangspunkt i sjølvkost.

I samband med dei nye vedtektene auka GKF festeavgifta frå kr.115,00 til kr.200,00 pr. grav pr. år. Det vart også laga sak på kostnad ved utanbygds gravlegging. Mynde til å fastsette kostnaden er lagt til kommunestyret, og dei vedtok GKF sitt framlegg på kr.8000,00 pr. kistegrav og kr. 3000,00 pr. urnegrav.



Gjerdet rundt Gulen gravplass var svært dårleg og stygt. Langs fronten, frå Borgstova og opp til kommunehuset, vart det henta inn pris på å få ny tørrmur som gjerde. Det vart så dyrt at GKF måtte sjå vekk frå det. I staden vart det kjøpt inn ny ferdigbehandla material og laga nytt gjerde etter same mal som det gamle. Arbeidet er utført av Gulen kommune, men ikkje som ein del av tenestekjøpsavtalen. Det står endå att noko arbeid, t.d. portane.

På samarbeidsmøte med kommunen spurde dei om toalettet i bårehuset kunne vere ope som eit offentleg toalett i sommarmånadane.

Det har det vore, mot at kommunen tok reinhald og kostnad. Tiltaket har fungert, og det har ikkje vore uheldige erfaringar med ordninga.

På kaien ved Mjømna kyrkje står det ofte plassert bilar som høyrer til folk som bur/har hytte i øyane. Det tar opp parkeringsplass.

Det er også eit aukande problem at campingbilar parkerer der. GKF har fått laga skilt som skal vise at det ikkje er lov, og at parkeringsplassen

er for kyrkja og for dei som besøker gravstadene. Kyrkjeverja har tinga plan for utbygging av meir parkering ved Mjømna kyrkje. Arbeidet er budsjettert utført i 2019.

Det er også planlagt arbeid for å få målt inn og sett opp fastmerke på alle gravfelt som manglar det.

Sommarvedlikehaldet av gravplassane blir løyst gjennom tenestekjøpsavtalen med kommunen. Det er stort sett gode tilbakemeldingar. Men sommaren i 2017 var svært våt, og når graset ikkje blir slått ofte nok og ein ikkje har oppsamlar, så blir det liggande att små haugar med gras, som ser stygt ut. Det er også eit tilbakevendande problem at ein ikkje tørkar vått gras av gravsteinane når det blir slått nær dei. Det ser stygt ut, og når graset tørkar, er det vanskeleg å få det bort. Kyrkjeverja har fortløpande kontakt med kommunen om tenesta, og vi prøver å ordne opp etter kvart.

På gravplassane har vi kjeldesortering av avfallet, men det viser seg svært vanskeleg å få til i praksis. Folk er ikkje flinke til å sortere, noko som gjer at vi leverer meir restavfall enn vi burde. Trass i at vedtektene våre seier at plantar, kransar og liknande som vert brukt ved gravferd eller pynting av grav, og som endar som avfall, skal kunne komposterast.

Samarbeid med andre

Kyrkja har eit utstrekt samarbeid med andre lag og organisasjonar og enkelt-personar.

Frå 1. august 2017 er det starta opp eit prosjektsamarbeid mellom fellesråda i Gulen, Masfjorden og Solund og Bispedømet om å finansiere ei halv prestestilling, slik at desse tre kommunane framleis kan ha til saman tre fulle prestestillingar.

Kommunane yter tilskot for å få til denne ordninga. Arbeidet med å lage formell avtale som organiserer tilsettingsforhold og forventningar til tenester, er sett i gang.

GKF er inne med ein eigendel på kr.50.000,00 pr. år, som vi dekkar frå eit fond for trusopplæring.

Gulen kommune løyver kr.90.000,00.

GKF har ein omfattande tenestekjøpsavtale med Gulen kommune. Vi har avtalt, og ventar på, at avtalen skal reforhandlast og få reelle prisar.

I tillegg er vi samde om at GKF skal utgreie kva det vil bety om vi tilset eigen vedlikehaldsarbeidar på kyrkjer og gravplassar.

GKF og kommunen har årleg samarbeidsmøte der ein drøftar tema som vedkjem begge partar. Tema på møtet er samarbeid, tenestekjøp, økonomi og planar.

Elles er det samarbeid med Det norske Misjonselskap om misjonsavtale (sokna), trusopplæring, Kyrkje- og misjonsdag, og leirar på Alværa.

Vi samarbeider med bygdekvinnelag, pensjonistlag, Saniteten og bygdelag. Fleire gjev av tid og pengar til å få gjort tiltak på kyrkjer og gravplassar, som elles ikkje rekk opp på prioriteringslista.



Både i Brekke sokn og Mjømna sokn er det godt samarbeid mellom kyrkja og bedehuset.

Bedehuset på Byrknesøy er i tillegg vigsla som kapell, og har faste forordna gudstenester.

Etter at sokna våre vart flytta til Nordhordland prosti, er vi også komne inn som medstiftarar i Fjon Fjellkyrkje.

GKF valde nytt medlem til styret i Frivilligsentralen, men vedkomande har trekt seg, og vi har så langt ikkje luktast med å finne erstatning.

Tidlegare medlem møter derfor framleis.

På tiltak der alle tre sokna samarbeider, vert planlegging og administrativt arbeid stort sett utført frå kyrkjekontoret.

Økonomi

GKF sin økonomi er samansett av tilskot frå kommunen (størstedelen), tilskot frå bispedømet (til trusopplæring), eigenbetaling (t.d. festeavgift), refusjonar og gåver.

Kyrkjelydsbladet er drive berre på gåver (bladpengar), og det underskotet som er for 2017, er derfor dekkja inn med bruk av bunde fond.

GKF har eit lån til brannvarslingsanlegget, og det er gjennom kommunen. Vi betaler årleg avdrag på kr. 62.700,00, men i år er det på grunn av sein utbetaling av lånet, berre betalt for andre kvartal; kr.31.350,00.

Tilskotet frå kommunen har for 2017 vore kr.2.222.893,00, inkl. investeringstilskot på kr.150.000,00.

Tenesteytingsavtalen, som er eit nullsumoppgjer, viser at tenestene vi kjøper hos kommunen, har ein verdi på kr.544.865,00.

GKF har eit relativt stort overskot i 2017, på kr.350.600,57. I hovudsak skuldast det desse faktorane:

- * Meirinntekter på festeavgift på kr. 177.000,00

- * Skyss, godtgjersle og tapt arbeidsforteneste for folkevalde kom ikkje med på lønnskøyringa før i januar 2018 (kr.48.000)

- * Sjukmelding gav refundert løn på kr.34.000,00

- * Ekstraordinært tilskot frå KNIF forsikring for brannvarslingsanlegg, kr.75.000,00

Det var meirutgifter på gravplassane på ca. kr.100.000,00, medan det på kyrkjene var mindre vedlikehaldsutgifter i forhold til budsjettet på ca. kr.84.000,00. Det er derfor grunn til å seie at GKF har treft ganske bra med budsjettet, og at overskotet skuldast ekstraordinære forhold.

Samanlikna med dei andre kommunane i prostiet, er det Meland, Lindås,

Radøy og Modalen som har mindre samla driftsutgifter enn Gulen.

Med unntak av Modalen er det dei kommunane som har flest innbyggjarar, og såleis må seiast å ha litt stordriftsfordelar i motsetning til oss. Modalen har til gjengjeld berre éi kyrkje.

Ser ein på kva kommunane brukar pr. innbyggjar, ser ein at Modalen får mest, deretter Fedje, Masfjorden og Solund. Denne måten å måle på, vil alltid gjere at stordriftsfordelane slår inn, og har derfor avgrensa verdi. Det kan vere interessant å samanlikne Masfjorden og Gulen, sjølv om Masfjorden har færre innbyggjarar enn Gulen. Begge kommunane har driftsutgifter til tre kyrkjer. Den største skilnaden på dei to felleråda er at Masfjorden har fire årsverk, mot Gulen sine to. Delvis skuldast det at Masfjorden ikkje har hatt tenesteytingsavtale på gravning/vedlikehald på gravplassane. Men dei har også tilsett diakoni- og undervisningsleiar i 100 % stilling.





Konfirmantfest på Brekke bedehus.

21. januar 2018 vart det arrangert konfirmantfest på Brekke bedehus for 60. gong på rad!

Dei seinare åra har konfirmantfesten vore eit samarbeid med Brekke sokneråd, som arrangerer familiegudsteneste først, før Brekke kristeleg ungdomslag fortset med konfirmantfest som ein slags utvida kyrkjekaffi, med nokre leikar.

Vi er imponerte og svært takksame for at samtlege konfirmantar var representerte på festen.

Erna Kjelby bakar kvart år ei stor «temakake». Denne gongen vart det ein rasersyssel, med tanke på "tour the fjords". Elles vart det servert mykje god mat både av kaker, mylse, karbonadesmørbrød m.m.

Takk igjen til alle som deltok og gjorde dette til ei så fin samling på bedehuset i Brekke.

Brekke Kristeleg Ungdomslag

Andaktar på «Tunet», Byrknes

Kvar siste tysdag i månaden er det andakt på bu- og omsorgssenteret på

Byrknesøy. Andaktane er ved Bjørn Magne Hansen. Dei er opne for alle, og frivillige er med og skaper ei koseleg ramme rundt samlinga. VELKOMEN!

Endring av tidspunkt:

Gudstenesta i Brekke kyrkje 1. påskedag

Tidspunktet for gudstenesta i Brekke 1. påskedag er endra frå kl. 16.00 til **kl. 19.30**. Etterpå er det felles kveldsmat i bedehuset.



Kyrkjelydstur til Fedje

Mjømna sokneråd gjentek suksessen saman med Solund sokneråd, og arrangerer kyrkjelydstur; i år til Fedje.

Set av datoen 13. juni.

Det blir båt frå Mjømna.

For meir informasjon: Kontakt Anne E. Ytreøy.

«Utanbygds»

Dette er eit ord som i gravferdslova (gl) blir nytta om dei som ikkje er heimhøyrande i kommunen, men som likevel vil bli gravlagde der.

Gravferdslova seier at alle har rett til

ei fri grav. Men denne retten gjeld berre når du blir gravlagd i den kommunen du bur og har skatta til (gl §6). Men fordi fleire har lyst til å bli gravlagde t.d. der dei opprinneleg kjem frå eller har nær familie, så er det lov. Då vert ein kalla «utanbygds», og i det tilfellet kan kyrkja (kommunen) ta betalt, både for utgiftene på gravferdsdagen og festeavgift for friperioden, som hos oss er 30 år.

Før jul 2017 gjorde kommunestyret i Gulen, etter tilråding frå Gulen kyrkjelege fellestråd, vedtak om å setje taksten for gravlegging av utanbygds til kr. 8000,00 for kistegrav og kr. 3000,00 for urnegrav. Festeavgifta er kr.200,00 per år.

Kyrkjevevja har fått delegert mynde til å vise skjøn i desse sakene. Det vil seie at til dømes ein person som har budd i Gulen, men siste tida bur hos borna sine/nær familie, i praksis ikkje blir sett på som «utanbygds». Heller ikkje ungdomar som har flytta ut, men ikkje er etablerte med familie/tilknytning andre stader.

I dei tilfella der det ikkje er pengar i buet og ingen pårørande «besørger» gravferda, er det kommunen vedkomande er folkeregistrert i, som har ansvar for kostnaden ved gravlegging.

Flaumlys på Brekke kyrkje

I førre nummer takka vi Brekke Bygdekvinneleg for kr.10.000,- til nye flaumlys på kyrkja. Her skulle takka

vore delt med Brekke Pensjonistlag, for desse to har gitt kr. 5000.00 kvar. Tusen takk!

Så synest du kanskje lysa er litt «puslete»?

Det er fordi vi ikkje fekk monterte dei nye lysa før jul (vart ikkje leverte tidsnok), så då kjøpte vi nye pærer til dei gamle. Men dei nye blir monterte i år.



Barnekorhelg og konsert med Bjarte Leithaug

8.-9. september blir det muleg å vere med på barnekor i Gulen kyrkje!

Den kjende artisten Bjarte Leithaug kjem og øver med oss laurdag, og på søndag blir det konsert i Gulen kyrkje med barnekoret og med Bjarte Leithaug.

Set av helga for borna dine! Dette blir veldig kjekt å få vere med på.

Oppstart av plan

Fellestrådet har gjort vedtak om at «Plan for kyrkja i Gulen» skal rullerast. Arbeidet skal vere ferdig til mars 2019.

Sokneråda/fellestrådet sine framlegg blir lagde fram for høyring i løpet av hausten/vinteren. Det vil i stor grad vere handlingsplanen som blir

behandla, og har du meiningar om kva kyrkja bør prioritere framover, så er vi veldig glade for innspel.

Du kan sende dei til kyrkjeverja eller til soknerådsleiaren.

Samtalar om tru og tvil



Samtalekveldane på Byrknes bedehus vert avslutta **22. mars kl. 19.00**, med temaet «Heilt konge» - Kva skal fylle og styre livet?

Fotoet er frå ei tidlegare samling.



Felles gudsteneste for alle sokna i Gulen og Masfjorden 1. pinsedag

Første pinsedag blir det felles gudsteneste for alle sokna i Gulen og Masfjorden på Gulatinget.

Dette blir også sokna sin lokale avskjed med prost Geir Sørebo.

Vi håpar mange blir samla på Tusenårsstaden Gulatinget den dagen. For nærare opplysningar, sjå plakatar og nettside.

Ny prost i Nordhordland prosti

Helge Taranrød (57) har sagt ja til å bli ny prost i Nordhordland prosti etter at Geir Sørebo sluttar for oppnådd aldersgrense. Geir Sørebo skal ha si siste gudsteneste i Knarvik kyrkje 27. mai.

Helge Taranrød begynner i stillinga 1. juli 2018.

En stor, varm takk

for blomster, omtanke og deltagelse i anledning vår bror, Ove Ludvik Blidensol, sin bortgang og bisettelse. Takk til prest, Ottar Reinertsen, organist Harald Jacob Holte og solist, Belinda Lerøy. Takker også Abbedissen Begravelsesbyrå ved Helge Spilde, for god hjelp og støtte. En stor takk rettes også til Eivindvik bu- og omsorgssenter, for de gode årene, han hadde hos dere.

Karin, Bjørg og Egil m/ familie

Hjarteleg takk

Hjarteleg takk til alle som var med i gravferda til vår kjære mor, Kristina Oppedal. Takk også for alle blomsterhelsingar, og takk til Gulen sjukeheim for god omsorg og pleie i den tida ho var der.

Helsing, Bjørg, Annlaug, Olav og Målfrid m/familiar.”

Hjarteleg takk

Hjarteleg takk for all omsorg og varme, for nydelege blomar, minnegåve og deltaking då vi mista vår kjære Sidsel Laupsa Larsen.

Varme helsingar frå Hilmar, Stein Inge, Tore og Per Henrik med fam.

Tusen takk

for all omtanke, deltaking og blomsterhelsingar i samband med gravferda til min kjære mann, Jakob Kløvtveit. Takk for pengegåva til langtidsavdelinga ved Gulen sjukeheim. Ei varm takk til personalet ved Gulen sjukeheim for god omsorg og pleie.

Elsa med familie

Hjarteleg takk!

Hjarteleg takk for pengegåva til Byrknes skulemusikk i samband med Sidsel Laupsa Larsen si bære.

Minnegåva var på kr. 18.150,- Tusen takk også til Skipavik Næringspark for kr.25.000,- i same anledning.

Helsing Byrknes skulemusikk v/Astrid Uthaug

Takk

Takk for blomster og varme tankar ved vår mor, Inger Kversøy, sin bortgang.

Turid, Jarl og Snøfrid med familiar

Nytt frå kyrkjelydane

Døypte:

BREKKE SOKN:

04.03.18: Karoline Håvåg Wergeland. For. Linda Håvåg og Arild Wergeland.

GULEN SOKN:

28.01.18: Leander Rambjørg. For. Glenn Rambjørg og Evelyn Langøy. Døyppt i Frøyset kyrkje.

Døde:

GULEN SOKN:

04.12.17: Johan Steinset, f. 1927.

07.12.17: Astrid Margrethe Haveland, f. 1936.

21.12.17: Jakob Olav Kløvtveit, f. 1933.

21.12.17: Ove Ludvik Blidensol, f. 1953 (gravlagd i Bergen)

21.12.17: Bjørn Atle Losnegård, f. 1967.

04.01.18: Knut Raymond Hedlund, f. 1943.

22.01.18: Mona Nyland Elnes, f. 1958.

25.02.18: Solveig Halland, f. 1923.

05.03.18: Ester Austgulen, f. 1933.

BREKKE SOKN:

16.01.18: Kristina Oppedal, f. 1923.

23.02.18: Jon Takle, f. 1938.

MJØMNA SOKN:

18.12.17: Inger Kversøy, f. 1921.

24.12.17: Oddvar Søvik, f. 1941.

24.02.18: Helga Berge, f. 1923.

Konfirmantweekend

Alværa 06.-08. april. Blir avslutta med felles samtalegudsteneste for heile Gulen i Eivindvik.

Konfirmasjonsdatoar:

Brekke kyrkje: 29.04.18

Gulen kyrkje: 06.05.18

Mjømna kyrkje: 13.05.18



25.03., Palmesøndag

Byrknes bedehus kl. 15.30 v/Jens Linde. Familiegudsteneste. Takkoffer: Søndagsskolen. Kyrkjekaffi.

29.03., Skjærtorsdag

Brekke kyrkje kl. 19.30 v/Jens Linde. Nattverd. Takkoffer: Kirkens SOS. Kyrkjekaffi.

30.03., Langfredag

Gulen kyrkje kl. 11.00 v/Jens Linde. Nattverd. Ikkje takkoffer. Kyrkjekaffi.

01.04., 1. Påskedag

Gulen kyrkje kl. 11.00 v/Jens Linde. Dåp. Nattverd. Takkoffer: Kirkens SOS. Kyrkjekaffi.

01.04., 1. Påskedag

Brekke kyrkje kl. 19.30 v/Jens Linde. Nattverd. Takkoffer: Kirkens SOS. Kveldsmat på Brekke Bedehus.

02.04., 2. Påskedag

Mjømna kyrkje kl. 11.00 v/Jens Linde. Dåp. Nattverd. Takkoffer: Sjømannskyrkja. Kyrkjekaffi.

08.04., 2. søndag i påsketida

Gulen kyrkje kl. 13.00 v/Jens Linde. Samtalegudsteneste. Nattverd. Takkoffer: Alværa Misjonssenter. Kyrkjekaffi.

15.04., 3. søndag i påsketida

Brekke kyrkje kl. 11.00 v/Bjørn Magne Hansen. Nattverd. Takkoffer: Stiftelsen Korsvei. Kyrkjekaffi.

22.04., 4. søndag i påsketida

Mjømna kyrkje kl. 11.00 v/Jens Linde. Nattverd. Takkoffer: Alværa Misjonssenter. Kyrkjekaffi.

29.04., 5. søndag i påsketida

Brekke kyrkje kl. 11.00 v/Jens Linde. Konfirmasjon. Takkoffer: kyrkjelydsarbeidet. Kyrkjekaffi.

06.05., 6. søndag i påsketida

Gulen kyrkje kl. 11.00 v/Jens Linde. Konfirmasjon. Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet. Kyrkjekaffi.

10.05., Kristi Himmelfartsdag

Brekke Bedehus kl. 15.00 v/Jens Linde og NMS. Barnas Misjonsdag. Takkoffer: Misjonærprosjektet i Mali.

13.05., søndag før pinse

Mjømna kyrkje kl. 11.00 v/Jens Linde. Konfirmasjon. Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet. Kyrkjekaffi.

17.05., Grunnlovsdag

Mjømna kyrkje v/Jens Linde. Sjø oppslag.

20.05., 1. Pinsedag

Tusenårsstaden Gulatinget kl. 12.00 v/Jens Linde, Tone Marit Dyrkolbotn og Geir Sørebo. Kyrkjelydane i Masfjorden deltek. Dåp. Nattverd. Takkoffer: Misjonærprosjektet i Mali.

27.05.: Ikkje gudsteneste i kommunen

03.06., 2. søndag i treeiningstida

Brekke kyrkje kl. 11.00 v/Jens Linde. Nattverd. Takkoffer: Alværa Misjonssenter. Kyrkjekaffi.

